



# Fitjar kommune

## MEDLEMAR

Harald Rydland, ordfører  
Gisle Levåg, varaordfører  
Wenche Tislevoll  
Agnar Aarskog  
Lars Ove Rimmereid

## VARAMEDLEMAR

Torstein Grimen  
Helga Auestad  
Gunn Marit Søreide  
Lars Rydland

## Møteinnkalling

---

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Dato:** 04.12.2007  
**Tidspunkt:** **10:00 Mrk tida!**

---

Forfall vert å melda på tlf 53 45 85 00 til Møtesekretær Kristin Meland, som syt for innkalling av vararepresentantar. Vararepresentantar møter berre etter spesiell innkalling.

<b>Sak</b>	<b>Innhald</b>
PS 072/07	Godkjenning av protokoll
PS 073/07	Referatsaker
PS 074/07	Budsjett 2008 - Økonomiplan 2009 - 2011
PS 075/07	Fitjar Idrettslag, søknad om støtte til reduksjon av gjeld
PS 076/07	Fastsetjing av stillingsstorleik for ordfører.
PS 077/07	Riksvegferjesamband Husavik - Sandvikvåg - Høyring
PS 078/07	Smedholmen Kyst- og naturlivskule (Smedholmen) - søknad om midlar til hus på Smedholmen (vedlikehald)
PS 079/07	Diverse eigedomssaker, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven
PS 080/07	Ymse

---

Harald Rydland  
Ordfører

Kristin Meland  
Møtesekretær



## MØTEBOK

### Godkjenning av protokoll

Utval sak	Utval	Møtedato
072/07	Formannskapet	04.12.07

**Samandrag:**

Godkjenning av protokoll frå sist møte.

**Saksopplysningar:**

**Vurdering:**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 01.11.2007

Atle Tornes  
Rådmann



## MØTEBOK

### Referatsaker

Utval sak	Utval	Møtedato
073/07	Formannskapet	04.12.07

RS 029/07 Melding om skatteinngangen pr. 31.10.07

#### Orientering:

1. Finansforvaltninga i kommunen:

Me viser til vedlagte skriv frå kommunalministeren og kan opplyse fylgjande:  
Fitjar har ikkje på lang tid hatt midlar til å plassera i marknaden. Våre ledige midlar står på konsernkonto i Sparebaken Vest, eller som redusert saldo på likviditetslån i Kommunekreditt (p.t. 15 mill).

Kommunen handsama 22 juni 2005 nytt finansieringsreglement for kommunen, I pkt. 4 framgår det at kommunen som overordna målsetning ikkje skal ta risiko på kreditt eller likviditet.

Sentrale element i reglementet er elles pkt. 5 d, e, g og h.

Me skulle etter dette vera formelt greitt sikra mot slike plasseringar som Terra har formidla.

Reglementet fylgjer vedlagt.

#### Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek referatsakene til vitring.

Atle Tornes  
Rådmann



## MØTEBOK

### Budsjett 2008 - Økonomiplan 2009 - 2011

Utval sak	Utval	Møtedato
074/07	Formannskapet	04.12.07
	Kommunestyret	

#### Vedlegg:

1. Budsjettskjema 1A og 1B Driftsbudsjett 2008
2. Budsjettskjema 2A og 2B Investeringsbudsjett 2008
3. Økonomiplan og investeringsplan 2009 - 2011
4. Oversikt over mogelege investeringar 2008
5. Liste over justeringar og aktuelle tiltak for 2008
6. Notat frå skuleadministrasjonen om innsparingstiltak innan oppvekstsektor
7. Notat frå helse- og sosialleiar om innsparingstiltak innan omsorgssektoren
8. Notat frå avd.leiar plan og utvikling om tiltak innan plan, byggsak og oppmåling
9. Notat om innsparingstiltak innan drift/vedlikehald
10. Notat om innsparingstiltak innan kultursektoren

#### Samandrag:

Første utkast til budsjett for 2008 vart lagt fram i utvida formannskapsmøte den 13.november. Budsjettet slik det låg føre, synte ei underdekning på kr 6.730.653. Det vart samstundes lagt fram ei liste med justeringar og mogelege tiltak, jfr vedlegg, som kunne redusera underdekninga til 2.817.000. Det vart lagt opp til at utvala under det vidare arbeidet søkte å finna ytterlegare tiltak som kunne redusera underdekninga, etter ein fordelingsnøkkel der O&O skal finne 70%, Pl&M 15% og formannskap 15% av beløpet. Vidare vart det lagt opp til at ein i dialog med fylkesmannen, for om mogeleg å lempe på kravet om nedbetaling av tidlegare års underskot, som i tala ligg inne med 2mill.

I møte med fylkesmannen 15.11, vart det avklart at me i vår vanskelege situasjon kan "sleppa" nedbetalinga på 2,0mill i 2008. Diverre vart det i etterkant av dette møtet, oppdaga ein feil i budsjettet, ved at pensjonspremien ikkje var teken med i grunnlaget for utrekning av arbeidsgjevaravgifta, noko som aukar kostnadssida i budsjettet med om lag 1.150.000. Kravet til nedskjæring vart etter dette endra slik:

Utgangspunkt:	2.817.000
- spart nedbetaling	(2.000.000)
+ auke arb.avgift	1.150.000
Utfordring	1,9 - 2,0 mill

#### Saksopplysningar:

Til grunn for budsjettutkastet som er lagt fram, ligg følgjande føresetnader:

Lønspostar er rekna ut frå stillingar og løn i kommunen pr oktober 2007. Aktivitetsnivået tek utgangspunkt i same dato, justert for kjente og vedtekne endringar. (Særleg gjeld desse endringane pleie- og omsorgssektoren).

Statsbudsjettet sine tal for rammetilskot og skatt vert lagt til grunn, og ein reknar ut frå folketal pr 01.01.07. Høgaste sats for inntektsskatt for personlege skattytarar er lagt til grunn, satsane vert justert i høve til Stortinget sitt vedtak.

Ramma for lønsoppgjøret pr 1/5 2008 er i utgangspunktet sett til +5,5%, sjølv om ein i statsbudsjettet legg opp til ein vekst på 5,0%. Avsetjinga på tilleggs løyvingsposten utgjør på dette grunnlaget om lag 3,2mill.

Rentenivå på lån til kommunen er ut frå sentrale kjelder stipulert til 5,5%, for VAR-sektoren er renta 1% høgare, slik det er fastsett. Innskotsrente for kommunen er sett til 5,2%. Ein har lagt til grunn at kommunen sitt likviditetslån vert redusert frå 15mill til 8mill, og at kommunen tek opp lån på 11,8mill pr des -07. (Godkjent låneopptak).

Regulering av kostnader på avrekning av interne tenester er justert opp med 4,2%, som er i samsvar med føresetnader i statsbudsjettet. Dette gjeld i hovudsak postane kyrkjeleg fellesråd, VAR-sektoren, SFMLK og byggsak.

For berekning av pensjonskostnader er aktuarberekning pr sept -07 lagt til grunn. Premieavviket vert ført over 15 år. Ein ser at premieavviket har ein likviditetsverknad som kan bli ei utfordring, men har ikkje i tala for 2008 teke stilling til korleis denne utfordringa skal løysast. Premiesatsane er sett til 13,5% for KLP, 12,0% for SPK, og med 2,0% som arbeidstakarane sin egenandel.

Eigedomsskatt er lagt inn i samsvar med kommunen sin langtidsplan på 0,6‰. Investeringsmoms er også lagt inn i samsvar med eksisterande LTP med kr 500.000,-. Inntekt- og tilskot for barnehagen er rekna ut med grunnlag i at det vert 39 born i Fitjarstølane barnehage. Straumprisen i 2008 er sett lik fastpris 2007, dvs litt høgare enn marknadspris 2007. Straumforbruk er sett lik forbruk i 2007

### **Vurdering:**

Saka vart handsama i **møte i utval for oppvekst og omsorg den 21.11.07.**

Einingsleiar for skule/oppvekst la fram liste over ytterlegare innsparingstiltak, jfr vedlegg. 14 tiltak gjev totalt ei innsparing på 605.307, som kjem i tillegg til tiltaka som vart lagt fram i tidlegare møte.

Einingsleiar for pleie og omsorg la fram liste over ytterlegare innsparingstiltak, ei oppdatert liste ligg ved, jfr vedlegg. Nokre av tiltaka fører med seg meirkostnader. Saka om full samanslåing av barnevernstenesta i Bømlo, Stord og Fitjar er den største einskildposten, der kostnaden kan bli 640.000 over det som er lagt inn i budsjettet. Ut frå saka slik den står, fann utvalet det rett å overlate drøfting av denne saka til formannskapet.

Innsparingstiltaka som er skisserte kan samla gje kostnadsreduksjonar på 675.500. I tillegg kan ein budsjettere inntekter frå husleige i bufelleskap på om lag 100.000. Det er også aktuelt å auke betalingsattsane for trygghetsalarm, heimehjelpstenester og levering av mat frå kjøkenet, noko som med 10% påslag kan auke inntektene med opp til 80.000.

### **Utval for oppvekst og omsorg kom med fylgjande uttale:**

Utvalet for oppvekst og omsorg er uroa over dei store nedskjeringane som ser ut til å vera nødvendige. Isolert sett er det framlagte utgangspunktet også knapt, ut frå dei gjeremål ein ser som nødvendige.

I samsvar med utfordringa frå formannskapet rår utvalet til fylgjande prioritering av tiltak:

Innan helse/omsorg ber utvalet om at det i det vidare arbeidet i første rekke vert lagt vinn på å unngå reduksjon av ein stilling ved FBB, (4100, teneste 2530; 375.000)  
Innan skule/oppvekst ber utvalet om at det vert prioritert å finna løysingar som gjer det mogeleg å unngå reduksjon av midlar til spesialundervisning (tiltak 1), og å unngå auke i betalingssatsar for SFO (tiltak 14).

Saka vart handsama i **møte i utval for plan og miljø den 27.11.07.**

Avdelingsleiar for plan og utvikling la fram notat med gjennomgang og kommentarar til det framlagte budsjettet. Ut frå sjølvkostprinsippet la ein fram ei tilråding til justering av gebyrregulativet. Den auken på inntektssida som er lagt til grunn ved utarbeiding av rådmannen si tiltaksliste, vart innarbeidd i budsjettet for eininga. Endringane gjev totalt ei innsparing på 509.385, som altså inngår i tiltaka som vart lagt fram i tidlegare møte.

Innan drift/vedlikehald, ansvarsområde 3100, vart det lagt fram innsparingstiltak som totalt utgjer kr 300.000.

### **Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker kom med fylgjande uttale:**

Utvalet for plan og miljø er uroa over dei knappe budsjetttrammene, noko som gjer at vesentlege nedskjeringar og auka krav til inntekter frå drift ser ut til å vera nødvendig. Isolert sett er det framlagte utgangspunktet også knapt, ut frå dei gjeremål ein ser som nødvendige.

I samsvar med utfordringa frå formannskapet rår utvalet til fylgjande prioritering av tiltak: Som prioritering på område 3100 i følgje liste framlagt i møtet.

Utvalet gjekk i eiga sak gjennom grunnlaget for justering av gebyr og kommunale avgifter, og legg til grunn at vedtak i denne saka vert teke inn som ein premiss for budsjettet.

Frå kulturleiar ligg føre notat om innsparingar på 100.000, jfr vedlegg. Innspel om tiltak innan administrasjonen, vert lagt fram i møtet.

I kontrollutvalsmøte den 27.11.07 vart budsjett for uvalet sitt arbeid gjennomgått. Det er i alt sett av 282.000 til dette arbeidet i 2008. Utvalet signaliserte ynske om at det i tillegg vart sett av kr 10.000 til kursverksemd i 2008.

Når det gjeld prioritering av moglege investeringstiltak, har utvala gått gjennom denne oppstillinga, utan at det er kome fram sterke innvendingar til rådmannen sine vurderingar. Det vert arbeidd vidare med lista fram til møtet, og ei oppdatert utgåve vert lagt fram då. Samstundes vil ein også leggja fram utkast til økonomiplan og investeringsplan for dei komande 4 åra.

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap rår Fitjar kommunestyre til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek årsbudsjett 2008 basert på slike føringar for dei einskilde einingane:

Inntekter til fordeling drift, jfr budsjettskjema 1A  
(Oppdatert oppstilling med innarbeidde tiltak vert lagt fram og bearbeidd i møtet)

Rammer for einingane, jfr budsjettskjema 1B  
(Oppdatert oppstilling med innarbeidde tiltak vert lagt fram og bearbeidd i møtet)

Fitjar kommunestyre vedtek eit investeringsbudsjett med slike rammer, jfr budsjettskjema 2A og 2B  
(Oppdatert oppstilling med innarbeidde tiltak vert lagt fram og bearbeidd i møtet)

Fitjar kommunestyre vedtek økonomiplan for 2009 - 2011

(Oppdatert oppstilling vert lagt fram i møtet)

Atle Ternes  
Rådmann



## MØTEBOK

### Fitjar Idrettslag, søknad om støtte til reduksjon av gjeld

Utval sak	Utval	Møtedato
075/07	Formannskapet	04.12.07

#### Trykte vedlegg:

1. Skriv frå Fitjar Idrettslag dagsett 12.11.07
2. Avtale mellom kommunen og FIL dagsett juni 2006

#### Bakgrunn:

Etter søknad frå idrettslaget gjekk kommunen inn på eigarsiden i nytt kunstgras på gamle idrettsplassen, jfr kommunestyresak 033/06. Føresetnaden var då at kommunen skulle stå som formell eigar, for å få refusjon av moms.

Vedtaket lyder slik:

"Fitjar kommune vil gå inn for ei oppgradering til kunstgras på Fitjar Idrettsplass, under føresetnad av at Fitjar idrettslag med støttespelarar gir den skisserte støtta.

Kostnadsramma vert sett inntil kr 2,3 mill, finansiert med spelemidlar kr 1.313.000, tilskot frå idrettslaget minst kr 467.000, og refusjon moms kr 445.000.

- Omlegging til kunstgras skal ikkje føra til auka driftsutgifter for kommunen, jfr, driftsavtale med idrettslaget.
- Idrettslaget skal bere all risiko ved forskottering av spelemidlar.
- Fitjar kommune er formell eigar og utbyggjar av anlegget."

Seinare fekk prosjektet og tilført midlar til tribune.

Idrettslaget søker no om at kommunen skal bidra til å dekke restsaldo på eit lån på 1,2 mill som vart teke opp i prosjektet vesentleg til forskottering av spelemidlar. Grunna renteauke er denne saldoen kr. 300.000,- som må finansierast langsiktig og som ikkje var pårekna.

#### Drøfting:

Kr. 300.000,- tilsvarer ca 2,5% renteauke i eit år. Kostnaden synest såleis påreknelig. Siste gong saken var oppe la rådmannen stor vekt på at prosjektet ikkje skulle gi ytterlegare utgifter for kommunen, noko som vart klart nedfelt i vedtaket.

Denne søknaden er såleis direkte i strid med føresetnadene i det første vedtaket.

Med søknad om støtte til bygging av tribune, og om at kommunen skulle ta ein større del enn refusjon moms, noko me og gjorde, då økonomien var god i 2006, og no ein ny søknad om støtte, ser ein føre seg ein "dreg du den"- utfordring.

Såleis har denne saka både ei reint økonomisk side, men og ei prinsipiell side.

Økonomisk synest det rimelig greitt. Me har i nokre saker gjeve tilskot basert på søknad, der det har vore rimelig klart at me ville få kostnader i 2008, då me klart har dårlegare råd enn i 2007.

Her er det tale om ein søknad der me har gjort det klart i vedtaket av me ikkje skal ha framtidige kostnader.

Med den utfordring me har for 2008 meiner rådmannen at me klart må avslå søknaden.



Prinsipielt bør det og vera rett å spørja om kommunen bør inngå tilsvarande avtale i framtida, der det kan vera sannsynleg at me får søknad om ytterlegare midlar seinare. Rådmannen meiner dette dømet viser at me bør vera varsame med slike avtaler i framtida.

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet avslår søknad frå Fitjar Idrettslag om støtte til reduksjon av gjeld for kunstgrasbanen.

Atle Tornes  
Rådmann



## MØTEBOK

### Fastsetjing av stillingsstorleik for ordførar.

Utval sak	Utval	Møtedato
076/07	Formannskapet	04.12.07
	Kommunestyret	

#### Saksopplysningar:

Ordførarvervet i Fitjar kommune har dei siste åra vore 100 % stilling, der det har vore rekna at om lag halvparten av ordføraren si arbeidstid skal brukast på nærings- og tiltaksarbeid. Dette sidan ordføraren og er næringssjef.

Etter valet i haust vart Harald Rydland vald til ordførar for dei neste fire åra. Han vil prøva å utføra vervet som ordførar i 80 % stilling og få godtgjersle som samsvarar med dette.

I Fitjar kommune sitt reglement for godtgjersle til folkevalde står det i punkt 1 at "dersom ordførar er på deltid skal deltidsbrøken fastsetjast av kommunestyret". På bakgrunn av dette må no kommunestyret godkjenna at ordføraren skal fungera i 80 % stilling.

#### Framlegg til tilråding:

Fitjar formannskap rår Fitjar kommunestyre å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret viser til kommunen sitt reglement for godtgjersle til folkevalde og stadfester at ordføraren framover skal ha 80% stilling. Ordføraren skal få godtgjersle som samsvarar med dette.

Godtgjersle for andre folkevalde skal likevel reknast ut frå 100% ordførargodtgjersle.

Atle Tornes  
Rådmann



## MØTEBOK

### Riksvegferjesamband Husavik - Sandvikvåg - Høyring

Utval sak	Utval	Møtedato
077/07	Formannskapet	04.12.07

**Vedlegg:**

Brev frå Statens Vegvesen, dat. 13.11.2007  
Rute Husavik - Sandvikvåg

**Saksopplysningar:**

Frå Statens Vegvesen ligg føre forslag basert på dagens rutetilbod med tillegg på 2 turar laurdag og eit forslag kalla "kundevennleg ruteplan".

Høyringsfrist er sett til 7. desember 2007.

Framlegg til uttale vert lagt føre i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Atle Tornes  
Rådmann



## MØTEBOK

### Smedholmen Kyst- og naturlivskule (Smedholmen) - søknad om midlar til hus på Smedholmen (vedlikehald)

Utval sak	Utval	Møtedato
078/07	Formannskapet	04.12.07

#### Trykte vedlegg:

1. skriv frå Smedholmen Kyst- og Naturlivskule, 5419 Fitjar, ikkje dagsett, men motteke 20.11.2007.

#### Samandrag:

Smedholmen søker om midlar til vedlikehald av bygningane på Smedholmen, med inntil kr. 100.000,-.

Rådmannen vil foreslå at me gir tilsagn om ca. kr. 50.000,- til vedlikehald, på visse vilkår.

#### Bakgrunn:

Både bygningar og grunn på Smedholmen er eigd av Staten. Kommunen har tidlegare teke på seg, som alternativ til riving, vedlikehald på bygningane. Området er friluftsområde, men Smedholmen har fått leigt bygningar og eit inngjert uteområde, mot å halde eigedomen vedlike.

Kommunen har tidlegare gitt noko stønad til dette arbeidet (materialer).

Avtalen mellom Smedholmen og kommunen gjekk ut i 2004. Grunna ulikt syn på lengde av leigekontrakt, er det ikkje skrivi nokon ny, men me har praktisert ein avtale der dei får disponere området, mot vedlikehald. Ein langsiktig avtale er og avhengig av kommunen sin avtale med staten, og det er denne som har vore til hinder for ny avtale. Dei har bygt ny kai med støtte frå kommunen.

Smedholmen driv med kystkultur i vid forstand, kuttaren "Seladon", leirskule, overnatting, kursverksemd og restaurering av gamle bruksbåtar, reiskapar.

#### Vurdering:

Rådmannen meiner arbeidet er særst verdifullt som ein bærebjelke for kystlivskulturen i vårt område.

Kommunen har tidlegare sett av ein viss årleg sum til disposisjon for Smedholmen, Dei siste par åra vart desse stroke i budsjettprosessen.

Gjeldande budsjettutfordring for 2008 har kr. 15.000 til vedlikehald, og kr 10.500 til forsikring og offentlige avgifter. For 2007 var det ein liknande sum, som vart stroken. Som søknaden viser, det er behov for pengar til vedlikehald. Ein ynskjer å stryke kr. 15.000 til vedlikehald i 2008 dersom det blir løyve midlar no.

Rådmannen vil tilrå at det no blir løyvd kr. 50.000 til føremålet.

Det må lagast avtale med Smedholmen om at dei får beløpet, anten som næringsinntekt, eller som løn og rekningar på material.

For å sikre framdrift i arbeidet vert pengane sett av på fond i 2007, og utbetalt i takt med dokumentert framdrift.

Rådmannen må få løyve til å ivareta utbetaling.

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet løyver kr. 50.000 til vedlikehald på Smedholmen.  
Midlane skal setjast av på bundne fond, og utbetalast etter nærare avtale med Smedholmen kyst- og naturlivskule, som skissert i saka.

Atle Ternes  
Rådmann



## MØTEBOK

### **Diverse eidegdomssaker, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven**

<b>Utval sak</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
079/07	Formannskapet	04.12.07

**Samandrag:**

Sakspapir vert utdelt i møtet.

**Saksopplysningar:**

**Vurdering:**

**Framlegg til vedtak:**

Atle Tornes  
Rådmann



## MØTEBOK

### Ymse

Utval sak	Utval	Møtedato
080/07	Formannskapet	04.12.07

#### **Samandrag:**

Det vert orientering om:

1. E-39 – uttale til bompenger
2. Turistbrosjyre

#### **Saksopplysningar:**

#### **Vurdering:**

#### **Framlegg til vedtak:**

Atle Tornes  
Rådmann